

REFERAT FRÅ MØTE OM FORVALTNINGSORDNING FOR VERNEOMRÅDE Bardøla Høgfjellshotell, Geilo, 22.10.2014, kl.16.00 – 18.00

Til stades:

Johan Vaa, leiar HG	jov@telefiber.no
Odd Gunnar Vikan, HG	oddvikan@c2i.net
Stein Verpe, HG	stein@geiloskisenter.no
Eli Hovd Prestegården, ordførar N&Uvdal	elihp@nore-og-uvdal.kommune.no
Vebjørn Håvardrud, leiar Fjellstyra på HV	vebjorn@haavardsrud.no
Steinar Langesæter, Ullensvang Fjellstyre	steinar@langesaeter.no
Ellen Drangevåg, Røldal Fjellstyre	roldal@fjellstyrene.no
Aslak Myrvang, Eidfjord Fjellstyre	myrvang@online.no
Kjell J. Røkenes, Ulvik Fjellstyre	kj-roeke@online.no
Anved Johan Tveit, ordførar Eidfjord	anved-
Nils Bjørn Vistad, sekr. HG	nbjoer-v@online.no

NBV vald som referent frå møtet.

Møtet vart innleia av VH som initiativtakar, på vegne av FH (Fjellstyra på Hardangervidda). To temaer på dagsorden: Den dårlege økonomien og grunneigarstyrt forvaltning.

I den vidare framstilling er ytringar og framlegg m.v. søkt sortert på desse to sakene, sjølv om dei kom litt her og der i møtet.

Sak 1: Dårleg økonomi

Tilsynsutvala (TU) har særst lite å rutte med, og både Telemark og Buskerud går p.t. med underskot på drifta. Grovt rekna 1 mill kr. til TU i året og 1 mill kr. til Fylkesmennene. Utgjer om lag kr. 500 pr. km². Til samanlikning vart nevnt at Folgefonna hadde ei driftsramme på ca. kr.3000/km².

Etter søknad om meir midler, svarer MiD (Miljødirektoratet) at løyvinga frå MD (Klima- og miljøverndepartementet) ikkje er større. I møte med statssekretæren i MD 20.02, var svaret at auka finansieringsramme var avhengig av budsjettet. Difor viktig å få inn merknader om dette i budsjettbehandlingen. Innstilling frå komiteen vil liggje føre sist i november.

Sak 2: Grunneigarstyrt forvaltning

Varmt tema i fleire år, men liten eller ingen utvikling!

Medan dei fleste andre områder har nasjonalparkstyre og nasjonalparkforvaltar, har ein på

HV 3 fylkesvise TU (ordninga fins truleg bare her).

EHP opplyste at Utmarkskomunanes Sammenslutning (USS) arbeider med same sak. Meinte vidare at det kunne vera av interesse å innhenta røynsler frå andre område. Det har dessutan nyleg vore ei evaluering av dette saksfeltet

JV gjorde greie for si meining,- om at det ideellt ville vera best med eit sams styre, for å sikre lik praksis over alt. Her ligg mykje av kjerna i problematikken: Nemleg at ein opplever strengare praksis i Telemark enn i dei to andre fylka. Han gjorde vidare klart at oppfatning i HG-styret er ueins, der m.a. OGV er klar på at Nore og Uvdal ynskjer fylkesvise styringsorgan, men kan godt sjå ei anna samansetning i styret enn i dag. Andre styremedlemme ligg noko ulikt mellom desse, men alle har forståing for at det ikkje fungerer i Telemark!

I hovudsak gjeld at HG/FH skal oppnevne fleirtalet.

ED hevda alle i Hordaland er nøgd med dagens TU. Rett nok dårleg økonomi, men velfungerande. Meinte vidare at «grunneigarstyrt forvaltning» var mindre demokratisk enn «folkevalgt forvaltning», sidan det siste også skal ivareta grunneigarinteressene.

JV hevda det var gjort mykje for å endre praksis i TU Telemark, utan resultat. Han kunne tenke seg slik utvalsmodell:

- 4 medlemmer oppnemnt av HG
- 3 medlemme oppnemnt av FH (fjellstyra på Hardangervidda)
- 3 frå respektive fylkesting
- 1 sentral forvaltar + lokale delsekretariat

Han ynkste ingen konklusjon i møtet,- og det var for så vidt alle samde om. Ein må også avvente Justisdepartementets vurdering av ulike konsekvensar m.v. i høve grunneigarstyrt forvaltning. Denne vurderinga skal vera under arbeid nå.

OGV utfylte sitt syn: Dei er fornøgde i Nore og Uvdal, men vil gjerne vidareutvikle dette og få overført større mynde frå FM. Viktig å sikre god prosedyre i oppnevning av utval. Ikkje primært viktig med grunneigarfleirtall, men at desse interessene er representert i utvalet.

Han meinte vidare det ville gje større tyngde med kommunal oppnevning. Elles var det særleg momentet om «lokal kunnskap» som tilsa fleire utval.

-

SL ville ha fokus på økonomien. Det fungera elles greit i Hordaland.

JV eksemplifiserte forskjellane i praksis, mellom dei ulike TU.

AM meinte forskjell i praksis var uheldig, men at dagens demokratiske ordning var den beste.

NBV kommenterte at det årlege fellesmøtet for TU-utvala burde legge inn som fast sak å drøfte igjennom praksis i enkeltsaker for å kalibrere med sikte på mest mogleg lik handsaming av like saker. Neste møte er på Finse 20.-21.mai 2015.

JV stilte spørsmål om det ville vera aktuelt å stille seg positive dersom det vart eitt styre med fleirtall til HG/FH.

SL kunne vera positiv til dette, men var skeptisk til «forvaltarstasjon» på Skinnarbu. AM kunne og gå for ei slik prøveordning.

På spørsmål om grunneigerane ikkje skulle vera representert i TU, var eit «skal» blitt erstatta med «kan/bør». Kommunestyret forslår og MD oppnemner (kjønnskvoert).

VH skisserte kort mot slutten, slik modell: Eitt styre i kvart fylke, slik sammensett (5 medlemmer i Telemark og Buskerud og 6 i Hordaland:

- 1 representant frå fylkeskommunen
- 1 representant frå kommunane
- 1 representant frå fjellstyra
- 2 representantar frå HG

Dette nasjonalparkstyret skal ha all mynde, med 1 parkforvaltar i kvart fylke

Vegen vidare

Møtet trakk ingen absolutte konklusjonar i høve forvaltningsmodell, sjølv om dei fleste var klare på behovet for meir enn eit organ.

Alle innsåg at det ikkje var haldbart med ulik praksis i fylka (Telemark er problemet).

Ein avventer nå vurderinga i Justisdepartementet (grunneigarstyrt forvaltning som prøveordning).

TU jobbar med å få merknader inn i budsjettkommentarane.

Kalibrering av praksis i TU, opp på fellesmøtet på Finse i mars.

Nemnde evaluering blir sjekka med sikte på «gullkorn» til vår nytte (NBV)

Ein ser om andre områder kan ha erfaringar til nytte for HV (NBV).

USS har landsmøte 9.-10.april (vil truleg berøre dette saksfeltet).

Uavhengig av standpunkt til forvaltingsordning, må det arbeidast for betre økonomirammer.

Referat ved Nils Bjørn Vistad